



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

KOPI

Vassbakke Kraft AS
Skrivarvegen 9A
6100 VOLDA

Deres ref

Vår ref
14/983

Dato

27 FEB 2015

Vassbakke kraftverk i Volda kommune i Møre og Romsdal fylke - klagesak

Øyvind Eidså klager i brev av 22.4.2014 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt krav om omløpsventil i løyvet av 31.3.2014 til bygging av Vassbakke kraftverk i Volda kommune i Møre og Romsdal fylke.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har i brev av 16.5.2014 oversendt saka til departementet for endeleg handsaming.

1. Bakgrunn

Vassbakke Kraft AS søkte 18.1.2013 om løyve til å bygge Vassbakke kraftverk.

Kraftverket vil nytte eit fall på 145 m mellom inntak på kote 200 og kraftstasjon på kote 55. Kraftverket vil i tråd med søknaden ha ei maksimal slukeevne på 1000 l/s, som utgjør 175 % av middelvassføringa og minste driftsvassføring på 40 l/s. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 25 l/s heile året, som svarar til om lag allminneleg lågvassføring. Kraftverket vil med dette gje ein årleg kraftproduksjon på om lag 4 GWh.

Høyringspartane er i stor grad positive til Vassbakke kraftverk. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Forum for Natur og Friluftsliv legg i sine fråsegner mellom anna vekt på at forholde for anadrom fisk må ivaretakast.

NVE meiner fordelane ved Vassbakke kraftverk, under visse føresetnader, er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 for å gje konsesjon er oppfylt. Etter NVE si vurdering er konsekvensane for allmenne interesser i hovudsak knytt til anadrom fisk, biologisk mangfald og potensielle kulturminne knytt til ein gammal ferdselsveg. NVE har fastsett at det skal sleppast minstevassføring på 50 l/s i perioden 1. mai til 30. september

og 20 l/s resten av året. NVE har vidare satt krav om etablering av omløpsventil av omsyn til anadrom fisk. Kraftverket vil med dette gje ein kraftproduksjon på om lag 3,9 GWh/år.

1. Kлага

Vassbakke Kraft AS har i brev av 22.4.2014 kлага på NVE sitt krav om omløpsventil i løyvet. Klagar har òg oversendt tilleggsmærknadar i brev av 18.11.2014. Argumenta i kлага samt tilleggsmærknadane kan summerast slik:

- Klagar uttalar at omløpsventilen vil koste opp mot 900 000 kr. I tillegg vil kraftverket verte meir komplisert og dyrare å drifte.
- Strekninga mellom inntak og kraftstasjon er 730 m lang. I følgje klagar vil vassføringa nedstrøms kraftstasjonen verte normal etter 10-15 min ved stans i kraftstasjonen. Etter klagar sin vurdering vil fisken tole dette.
- Klagar meiner at tilsig frå restfelt, krav til slepp av minstevassføring og elva si utforming, vil sikre tilstrekkeleg med vasspegel i elva ved driftsstans i kraftverket.
- Klagar syner til at Steinsvik Olivin AS i 2014 har starta opp igjen utvinninga av olivinstein i Vassbakkedalen. I følgje klagar medfører utvinninga at store mengder finstøv/slam kjem i elva.
- Klagar meiner at det ikkje kan vere rett å pålegge omløpsventil, som er teknisk og økonomisk krevjande, samstundes som ein anna utbyggjar har fått løyve til å drive med gruvedrift som medfører utslepp av slam i elva.
- Klagar ønskjar at departementet gjennomfører ei synfaring av tiltaksområdet, gjerne saman med Fylkesmannen, for å vurdere dei endra forholda før endeleg vedtak vert fatta.

I kлага blir det òg tatt opp at minste driftsvassføring er oppgitt til 65 l/s på s. 25 i NVE sitt KSK-notat, mens det andre stader i notatet, og i søknaden, er oppgitt til 40 l/s. Klagar ber om at minste driftsvassføring blir korrigert til 40 l/s. NVE uttalar at 65 l/s er ein skrivefeil, og syner til at det vil vere mogleg med justeringar i detaljplanleggingsfasen.

2. Departementet sine merknadar

Løyve til Vassbakke kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagaren som er naudsynte for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagaren.

Vassdraget har i dag ikkje anadrom fisk grunna Marine Harvest avdeling Steinsvik sin inntaksdam nedstrøms Vassbakkevatnet, som fungerer som ei fiskesperre. Sperra vart etablert i 1989. NVE fatta 31.8.2010 vedtak om å avslå ein søknad frå Marine Harvest om løyve til å oppretthalde stenginga av vassdraget. Når fiskesperra fjernast vil anadrom strekning gå til kote 65, som er om lag 180 m oppstrøms planlagt kraftstasjonsplassering.

Bioreg AS har gjennomført ei vurdering av vassdraget sine gyteforhold. Bioreg AS vurderar at det er middels gode gyteforhold ved utløpet inn i Fremstevatnet, vidare opp mot naturleg

vandringshinder er gyteforholda vurdert til å bli gradvis dårlegare. På anadrom strekning oppstrøms kraftstasjonen er gyteforholda vurdert som dårlege eller fråverande.

Omløpsventil er ikkje nemnt spesifikt i dei innkomne fråsegnene, men Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Forum for Natur og Friluftsliv legg i sine fråsegner vekt på at forholda for anadrom fisk må ivaretakast.

NVE vurderer at ein omløpsventil er avgjerande for om det kan bli gitt løyve i dette tilfellet. NVE meiner at det for Vassbakke kraftverk ikkje vil vere tilstrekkeleg eller inngrepsmessig ønskjeleg å etablere tersklar på anadrom strekning.

I 2004 vart det etablert eit steinbrudd i Vassbakkedalen. Drifta vart stogga i 2009 som følge av konkurs, men klagar har informert om at drifta vart satt i gang att i 2014. I følge klagar kjem det store mengder slam i elva som følge av steinbruddet. Etter departementet sin kjennskap er det ikkje gitt løyve til utslepp i elva. Eventuelle brot på dette må følgjast opp av aktuell forureiningsmynde. Departementet gjer òg merksam på at løyvet til kraftverket er gitt utan tidsavgrensing og at kravet om omløpsventil må sjåast i eit langsiktig perspektiv.

Konsekvensar for anadrom fisk må tilleggjast vekt i konsesjonsspørsmålet og i fastsetting av avbøtande tiltak, jf. departementet sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" (2007). Departementet finn ikkje grunnlag for å gå i mot NVE si faglige vurdering om å krevje omløpsventil, sjølv om dette førar med seg tekniske og økonomiske utfordringar for tiltakshavar.


Departementet finn det ikkje naudsynt å gjennomføre ei synfaring av tiltaksområdet for Vassbakke kraftverk. Etter departementet sin vurdering er saka tilstrekkeleg opplyst til at det kan fattast vedtak i klagesaka utan synfaring.

3. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Øyvind Eidså blir ikkje tatt til følge. NVE sitt vedtak av 31.3.2014 blir oppretthalde.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med hilsen


Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgiver

KCP:
Norges vassdrags- og energidirektorat
Fylkesmannen i Møre og Romsdal